



# DEN NORSKE KYRKJA

Hyllestad sokneråd

Kyrjekontoret  
6957 HYLLESTAD  
Tlf: 57 78 85 65  
Faks: 57 78 86 95

Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet, kirkeavdelingen  
Postboks 8004 Dep  
0030 OSLO

Hyllestad 26.10.2012  
Vår sakshandsamar: Rune Ziener  
Vår ref.: 12/00072-003  
Arkivkode: 008

## Forslag til endringar i gravferdsforskriften - høyring

Hyllestad sokneråd har i møte 23.10.2012, sak SR 31/12-F handsama høyringssak om forslag til endringar i gravferdsforskriften.

Hyllestad sokneråd takkar for høvet til å komme med innspel til endringsforslaga.

Samrøystes vedtak lyder:

Hyllestad sokneråd har ingen særskilte merknader til endringsforslaga, med unntak av punkta:

### Punkt 3.2:

Som hovudregel bør det vere eit generelt krav om bruk av kiste ved gravlegging eller kremasjon fordi dette er innarbeidd praksis i norsk gravferdstradisjon.

Som konsekvens av endring av gravferdslova sin § 1 og intensjonen bak denne, bør ein tilstrebe, så langt som råd er, å leggje til rette for at gravlegging skal skje med *«respekt for avdødes religion eller livssyn»*.

Det bør derfor opnast for å kunne dispensere frå kravet om bruk av kiste.

Kyrkjeleg fellesråd, som lokal kyrkjegardsstyresmakt, bør ha slik dispensasjonsrett, og bør kunne stille vilkår ved dispensasjonsvedtak. Dette kan t.d. vere at den enkelte gravplasstilsette kan reservere seg mot på graving, når kiste ikkje vert nytta, eller at det vert sett som vilkår at pårørande sjølv syter for pågravinga.

Det bør vidare utarbeidast retningslinjer sentralt for når slik dispensasjon kan verte gitt.

### Punkt 5:

Til 1. ledd synest det å vere motsetning mellom 2. og 3. punktum. Frittliggjande graver innanfor eit felt følgjer ikkje kolonnar eller rekkjer, men gjerne naturlege terrengformasjonar. Nokre eigne gravfelt har berre ei rekkje, og då er nemninga «rekker» ikkje adekvat.

For nokre felt kan det dessutan vere mest hensiktsmessig med gravplassering i t.d. boge- eller vifteform p.g.a. terrengomsyn eller estetiske omsyn. Å ha eit system som sikrar at ein kjenner plasseringa til kvar enkelt grav, er viktigare enn at ein har eit fast rekkemønster. Forskriften bør reflektere dette.

Ein bør justere forslaget til nytt første ledd slik:

*«Gravplass inndeles i gravfelt. Hvert gravfelt inndeles i graver som er ordnet i et system, normalt i rekker og kolonner. Graver kan være frittliggende innenfor gravfelt.»*

**Punkt 7.2:**

Dette er ei presisering og sikringsbestemmelse om at ein skal vise stor aktsemd i forhold til gjennomgåande graving nær eller i felt som er tekne i bruk, og sjå til at alle alternative moglegheiter er vurdert før slik gjennomgraving.

Imidlertid er nemninga «gravplass» i dette leddet ikkje sakssvarande. Sjølv om gravplassen er teken i bruk kan det vere behov for drenering av felt som ikkje er tekne i bruk, og det er ofte areal inne på ein gravplass som er eigna for nedlegging av dresrøyr og som ikkje vil vere i konflikt med eksisterande graver.

**Punkt 8:**

Det bør presiserast kva tolking av «virkedag» som bør gjelde, gjerne i forskrift. Ein bør leggje til grunn ei tolking av «virkedag» der lørdagar ikkje er omfatta.

I gravferdslova § 13 tredje ledd ligg det uansett ei sikringsbestemmelse som gjer at kyrkjeleg fellesråd skal korte inn fristen dersom vilkår for oppbevaring av kiste tilseier dette.

I utgangspunktet bør det vere felles praksis for heile landet, men det enkelte fellesrådet bør likevel evt. kunne vedta lokalt at lørdagen skal telje med som virkedag. I så tilfelle bør dette anførast i lokale kyrkjegardsvedtekter.

Elles ingen særskilt merknad til punktet.

Venleg helsing



Rune Ziener  
Kyrkjeverje